

Lokale maritime bøker sel godt for tida. Den siste omhandlar 38 HSD båtar i passasjer- og lasterutene.

Det går slag i slag med maritime bøker. Den siste er skriven av Bård Kolltveit og har tittelen HSD - båtane. Meir enn 40 passasjer- og lastebåtar i HSD flåten vert omtalt. Mange av dei gjekk i ruter der Uskedalen var lagt i med stopp. Det er nok i nemna EIDFJORD og HALSNØY i Kvinnheradruta, HARDANGERFJORD i Odda ruta og HORDALAND i Stavangerruta. I tillegg kjem ULVIK og ULLENSVANG i lasterutene.

Bård Kolltveit frå Odda har skrive ei rekkje bøker med maritimt innhald, alt frå HSD sine jubileumsøker, rederihistorie og ikkje minst standardverket om norsk cruiseferd. Kolltveit (f. 1942) har vore tilsett på Norsk sjøfartsmuseum på Bygdøy som konservator, direktør og forskingsleiar. Han har frå tidleg alder synt interesse for lokal ruteferd og samferdsle. Bakgrunnen og kjelder for mykje av det som er skriven i HSD boka, finn vi i HSD posten, eit meldingsblad i HSD frå 1942 fram til tidleg på 1980 talet.



MS HARDANGERFJORD er størst av alle HSD båtar med Uskedalen som fast stopp i sommarruta på 1960 talet.


Uskedalen med to DS kaiar hadde mange av HSD båtane til kai anten i rute frå Bergen mot Hardanger eller i rute til Bergen og Haugesund/Stavanger. Størst av alle er MS HARDANGERFJORD, bygd på AS Stord Verft 1959. Ein oversikt frå Harald Sætre syner at alt året etter er Uskedal kai i Beinavikjo lagt inn med stopp kvar søndag kl. 17.15 i rute til Bergen. Det var i sommarruta. Frå 1962 vert det også stopp i rute til Odda kvar fredag kl. 22.30. Slik var det stort sett kvar sommar på 1960 talet.

Bård Kolltveit har stor kunnskap om HSD og passasjer/lastebåtane. Ein annan person vi kjenner godt, Harald Sætre, har det same. Sætre med sine fire bøker om lokaruter, båtar og ferjer er brukt som kjelde. Nokre av bileta er frå Harald Sætre si fotosamling. Kapabel forlag med Otto Ersland er utgjevar.

Det vil vera ei stor glede for mange i Uskedalen å få hand om boka om HSD båtane.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Faksimile frå HSD posten/Otto Ersland/Harald Sætre



Meldingsbladet HSD posten, der han sjølv har vore fast skribent, hovudkjelde til Kolltveit si bok.